

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:**  
**Møtedato:** 01.12.2008 **Tid:** 15.30 – 17.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev..

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5.

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ass. Adm.sjef møtte under skriv og meldingar.

Leiar av teknisk eining møtte under skriv og meldingar og sak 59/08

Adm.sjef.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 02.12.2008

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Ordfører informerte at det var ferdig utarbeidd sak om Bjørnefjorden næringsutvikling. Saka vil verta handsama dersom det vert tid til det. Med denne merknaden vart innkalling og sakliste godkjend.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteken.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Bright Olav Gåsda** viste til at Vidar Tveiterås tek til i arbeid hjå kommunen i februar. Han er også medlem til kontrollutvalet. Ut frå reglane må det derfor førebuast nytt val til kontrollutvalet.

**Øyvind Røen** spurde om når miljø- og klimaplanen kom til handsaming. Det vart informert om at den vert lagt fram i første møte etter nytt år.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

- Det vart gitt informasjon om framdrifta på Ytre Tysse. Statens Vegvesen har no gitt tilbakemelding om at det ikkje vert aktuelt å stenge vegen for gjennomgangstrafikk i anleggsperioden. Det vil verta førebudd sak om framdrift m.m. for tiltaket rett over nyttår.
- Det vart orientert kort om forventa underskot på rekneskapen for 2008. Det er ikkje kome inn ny informasjon om skatteinngangen, men informasjonen så langt inneber at me får inn vesentleg mindre i skatt enn budsjettet. Avkasting på fond/aksjer er negativ, noko som inneber at me må inntektsføra eit urealisert tap i 2008. Førebels ligg tapet på rundt 1 mill. kroner.
- Budsjetterte velferdsmidlar på kr 20.000 er førebels ikkje nytta. Sidan arrangementet sist vår ikkje kom i stand, har tanken vore å få desse overført til bruk i 2009. Med tilsvarende løyving i 2009 opna det seg moglegheit for eit større arrangement. Sidan det no ligg an til å verta underskot på driftsrekneskapen, er det ikkje mogleg å føra desse over til bruk i 2009. Administrasjonssjefen ønskjer ikkje at midlane ikkje vert brukt til velferdstiltak, og dersom ikkje det vert avsett ekstra midlar i 2009, vert løyvinga i 2008 brukt i samband med julemarkeringar på arbeidsplassane. Adm.sjefen ser helst at det vert stilt midlar til disposisjon i 2009, noko som PØ-medlemmane var samd i. Dette vert teke opp ved budsjetthandsaminga.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0059/08	08/00485 <b>ROLVSVÅG INDUSTRIKAI - GODKJENNING AV AVTALE.</b>
0060/08	08/00081 <b>"LIV OG LYST" - NÆRINGSPROSJEKT - KOMMUNAL FINANSIERING</b>
0061/08	08/00260 <b>PRESTEBUSTADEN PÅ HAGA - ETBLERING AV BYGGJEKOMITE</b>
0062/08	08/00524 <b>REGIO GODKJENNING AV REGIONRÅDET SOM § 27 ORGAN</b>
0063/08	08/00531 <b>UNG I LANDBRUKET - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET</b>
0064/08	08/00457 <b>SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING I BJØRNEFJORDSREGIONEN</b>

0059/08

## **ROLVSVÅG INDUSTRIKAI - GODKJENNING AV AVTALE.**

### **Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta inngåande framlegg til avtale. Medlemmane gjekk samrøystes inn for å tilrå godkjenning av avtalen med eit par tillegg.

### **Vedtak:**

Avtala mellom Samnanger kommune (SK) og Rolvsvåg Industrihavn A/S (RI) (SUS) om leiga av kai med tilhøyrande kaiareal vert godkjent slik hen ligg føre med følgjande tillegg:

- Møterereferat dagsett 25. okt 2008 om samordning og bruk av Rolvsvåg Industrikai skal vera eit vedlegg til avtala.
- Plan for gjennomføring av tiltak i pkt. 3.2 i avtala vert utarbeidd av SK og må akseptrast av RI før utgangen av mars – 09.

0060/08

## **"LIV OG LYST" - NÆRINGSPROSJEKT - KOMMUNAL FINANSIERING**

### **Framlegg til vedtak::**

Kommunal eigendel i prosjektet "LivOGLyst" på kr 20.000 vert dekkja ved bruk av næringsfondet.

Utgiftene vert å føra på konto nr. 1.1400.3251.4701

### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kommunal eigendel i prosjektet "LivOGLyst" på kr 20.000 vert dekkja ved bruk av næringsfondet.

Utgiftene vert å føra på konto nr. 1.1400.3251.4701

0061/08

## **PRESTEBUSTADEN PÅ HAGA - ETBLERING AV BYGGJEKOMITE**

### **Handsaming i møte:**

Utvalet gjekk samrøystes inn for eit fellesframlegg sett fram av Øyvind Røen

### **Vedtak:**

Desse vert med i byggjekomite:

1. Brigte Olav Gåsdal
2. 1 representant frå kyrkja
3. 1 representant frå teknisk eining

0062/08

**GODKJENNING AV REGIONRÅDET SOM § 27 ORGAN****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune godkjenner at Regionrådet Bergensregionen er registrert som eit interkommunalt organ etter kommunelovens § 27. Samnanger kommune godkjenner regionrådet sine vedtekter datert 20. april 2005

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner at Regionrådet Bergensregionen er registrert som eit interkommunalt organ etter kommunelovens § 27. Samnanger kommune godkjenner regionrådet sine vedtekter datert 20. april 2005

0063/08

**UNG I LANDBRUKET - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune løyver kr 20.000 x 2 i tilskot til prosjektet ung i landbruket 2008/2009/2010. Løyvinga vert ført på kap. 1.1400.3251.4701 og finansiert med bruk av næringsfondet.

**Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune løyver kr 20.000 x 2 i tilskot til prosjektet ung i landbruket 2008/2009/2010. Løyvinga vert ført på kap. 1.1400.3251.4701 og finansiert med bruk av næringsfondet.

0064/08

**SAMARBEID OM NÆRINGSUTVIKLING I BJØRNEFJORDSREGIONEN****Framlegg til vedtak::**

Vedtak i kommunestyret sak /06 vert oppheva.

Bjørnefjorden NæringsUtvikling held fram som interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Fusa, Os og Samnanger i næringsaker.

Vedtekter dagsett 28.11.2008 vert gjort gjeldande for selskapet.

Fusa kommune og Samnanger kommune tek ansvar for sekretariatet.

Midlane som er igjen i det ”gamle” Bjørnefjorden næringsutvikling vert fordelte kommunane i mellom etter den same fordelingsmodellen dei er betalte inn etter. Midlane vil primært verta nytta til utvikling av næringslivet. Det skal stå att kr 100.000 som skal vera til disposisjon til ulike fellesutgifter.

Midlane som er i Regionalt næringsfond skal lysast ut etter dei kriteria som ligg i retningslinjene for fondet.

### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Vedtak i kommunestyret sak 43/05 vert oppheva.

Bjørnefjorden NæringsUtvikling held fram som interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Fusa, Os og Samnanger i næringsaker.

Vedtekter dagsett 28.11.2008 vert gjort gjeldande for selskapet.

Fusa kommune og Samnanger kommune tek ansvar for sekretariatet.

Midlane som er igjen i det ”gamle” Bjørnefjorden næringsutvikling vert fordelte kommunane i mellom etter den same fordelingsmodellen dei er betalte inn etter. Midlane vil primært vert nytta til utvikling av næringslivet. Det skal stå att kr 100.000 som skal vera til disposisjon til ulike fellesutgifter.

Midlane som er i Regionalt næringsfond skal lysast ut etter dei kriteria som ligg i retningslinjene for fondet.